

Elin og Henry Fanebust
Lindåsvegen 2088

Våge, 11.12.2022

Alver kommune, Plan og bygg
v/ sakshandsamar Larissa Dahl

kopi: Statsforvaltaren i Vestland

SAK 683/22, GBNR 99/4 VÅGE

1.

Vi legg ved 2 skriv vi har sendt APM (21.11. og 4.12.). Vi ber om at dei vert lagt ved saka, avdi dei inneheld oppdaterte og naudsynte fakta for saka.

2.

Krav om at ugyldig bakkeplaneringskart av 22.05.22 vert fjerna frå søknad, og erstatta med revidert, gyldig versjon av 30.05.22. Ber om skriftleg stadfesting på at dette vert gjort.

Vi legg ved dei to skriva vi har sendt APM i forkant av to siste APM-møte. Vi ber om at desse skriva vert lagt ved saka, SAKSNR. 683/22, då dei inneheld naudsynte, oppdaterte fakta for saka.

Vi krev vidare at det ugyldige bakkeplaneringskartet av 22.05.22. vert tatt ut og fjerna frå saka, og erstatta med gyldig, revidert bakkeplaneringskart av 30.05.22 (sjå vedlegg). Vi må be om å få ei skriftleg tilbakemelding når dette er gjort, vi må vere 100% sikre på at ugyldig kart ikkje vil dukke opp på eit seinare stadium.

Med vennleg helsing

Elin og Henry Fanebust

Vedlegg 1: Brev til APM av 06.11.22

Vedlegg 2: Brev til APM av 04.12.22 m/ 2 dronebilete av 04.12.

Vedlegg 3: Revidert bakkeplaneringskart av 30.05.2022 til søknad, 99/4